

STATUTTAR FOR TILDELING AV KULTURPRIS I SIRDAL KOMMUNE

Oppdatert etter møte i Utval for oppvekst og levekår, 22.04.2009

1. Sirdal kommune kan dele ut ein Kulturpris annakvart år. Kulturprisens størrelse er satt til kr. 10.000
2. Kulturprisen skal vera ein stimulans til kulturlivet i kommunen, og vert tildelt for særlig fortjenestefullt arbeid innanfor ramma av heile det utvida kulturomgrep.

Prisen er først og fremst tiltenkt enkeltpersonar som innanfor eit eller fleire kulturområde har virket som verdfulle rådgivarar, nyskaparar og verdibevivarar. Innanfor det frivillige organisasjonsarbeidet vil dei som er med på å skape aktivitet vera kandidatar og ikkje dei aktive sjølv som drar nytte av slik innsats. Prisen kan også tildelast grupper av personar og organisasjonar.

Tildeling av prisen skjer etter forslag frå enkeltpersonar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar. Utval for oppvekst og levekår kan også sjølv finna fram til aktuelle kandidatar.

Utval for oppvekst og levekår gjer vedtak om *kven* som skal få prisen, og tek avgjersla frå år til år *om* den skal deles ut.

Forslag som kjem inn vert automatisk tatt med for seinare år dersom Utval for oppvekst og levekår vel å ikkje dele ut prisen for inneverande år. Når ”kulturprisvinner” er kåret, må alle forslag til kandidatar eventuelt. fornyast.

Prisutdelinga bør gjennomførast på nyåret.

4. Utlysing av pris skal kvart år skje i lokalavisene. Alle forslag må være Eining for kultur og fritid i hende innan annonserete tidsfrist. Eventuelle forslag frå enkeltmedlem i Utval for oppvekst og levekår kan leggjast fram i møte.

Kandidatar bør være busett i Sirdal kommune.

5. Overrekking av Kulturpris bør finne stad ved eit passende høgtideleg høve.